

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Ingunn Krosby	Arkiv:	K2 - D35, K3 - &00
Arkivsaksnr:	17/132 16/20802		

Private leikeplassar - ansvar og tilsyn/ettersyn

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Fagutval for kultur og folkehelse	08.03.2017	013/17

Rådmannen si innstilling:

KUF-utvalet tar informasjon om ansvar, tilsyn/ettersyn av private leikeplassar til orientering.

KUF-utvalet vedtar nye retningslinjer til vedlikehald og opparbeiding av leikeplassar slik det går fram av saka. Retningslinjene vil vere gjeldande frå og med 20. mars 2017.

Tittel	Dok.ID
Leikeplassutstyr - Ansvar - Avtale	298927
Oversendings epost	298928
Private leikeplassar - spørsmål om kommunen sitt ansvar	298929
Skjemadata fra -Tilbakemeldinger- Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap	298930

08.03.2017 Fagutval for kultur og folkehelse

Saka vart diskutert grundig.

Fagutvalet gjekk samrøystes inn for rådmannen si innstilling, i tillegg samla utvalet seg om forslag som forutset at det blir utarbeidd avtale mellom kommunen og private drivarar av leikeplassar på kommunal grunn.

Fagutvalet ber om at det blir opplyst om private sitt ansvar for leikeplassutstyr ved å linke til regelverket på kommunen si heimeside.

KUF-013/17 Vedtak:

KUF-utvalet tar informasjon om ansvar, tilsyn/ettersyn av private leikeplassar til orientering. KUF-utvalet vedtar nye retningslinjer til vedlikehald og opparbeiding av leikeplassar slik det går fram av saka. Retningslinjene vil vere gjeldande frå og med 20. mars 2017.

KUF- utvalet forutset at det blir utarbeidd avtale mellom kommunen og private drivarar av leikeplassar på kommunal grunn.

Bakgrunn for saka:

I KUF-sak 026/16, fordeling av tilskot til vedlikehald av leikeplassar, vedtok fagutvalet eit nytt punkt i retningslinjene. I etterkant har det vore stilt spørsmål til kva dette punktet har å seie for dei private leikeplassane, og utvalet ønskja å få saka til vurdering.

Saksopplysningar:

Retningslinjer for tilskot til leikeplassar, sist oppdatert i KUF-sak 026/16:

Retningslinjer for tildeling:

1. Søknad om kommunalt tilskot til leikeplassar skal skrivast på eige (elektronisk skjema), og med dei vedlegg som er nemnde i skjemaet.
2. Søknad skal sendast inn av leiar.
3. Anlegg som får kommunalt tilskot skal vere open for almen bruk. Eigar kan lage nærare reglar for bruk av anlegget.
4. Søkjar har ansvar for at grunneigar har gjeve samtykke til opparbeiding. Der det ikkje er kommunal grunn skal leigeavtale føreligge.
5. Anlegget skal haldast vedlike på ein forsvarleg måte, og det kan ikkje seljast eller pantsetjast utan kommunalt samtykke. Misleghald av vilkåra gjev kommunen rett til å krevje tilskot heilt eller delvis betalt attende.
6. Anlegget skal fullførast i samsvar med søknaden.
7. Søkjar har ansvar for å innhente naudsynt byggjeløyve.

Nytt punkt 8 vart vedtatt i møtet:

8. *Ein føreset at leikeplassen og apparatene blir oppført i samsvar med gjeldande føreskrift om sikkerheit ved leikeplassar.*

I møte 31.8.16 stilte Terje Erstad følgjande spørsmål til vedtaket som vart fatta i sak 026/16:

Kva betyr dette punktet egentleg for dei private leikeplassane?

- same standard som offentlege leikeplassar?

- kva med tilsyn/ettersyn?

Spørsmåla retta mot nytt pkt. 8 opnar også opp for vurderingar knytt til kommunen sitt ansvar. Administrasjonen vil prøve å belyse problemstillingane.

Om tilsyn/ettersyn og gjeldande føreskrift:

[Gjeldande føreskrift om sikkerheit ved leikeplassar](#) har til føremål å å førebygge at leikeplassutstyr ikkje medfører helseskade for brukarar eller tredjepart når utstyret brukast til dei føremål det er berekna for, eller slik det kan forventast at barn brukar det.

I denne samaheng er det kapittel 9, §16 Ettersyn og vedlikehald som er gjeldande:

«den som anskaffer eller eier leikeplassutstyr er ansvarlig for jevnlig ettersyn og nødvendig vedlikehold, slik at utstyrets sikkerhetsegenskaper opprettholdes»

Jf. Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB) finnast det ingen eiga godkjenningsordning for leikeplassutstyr. Tilbydar/eigar er sjølve ansvarlege for at utstyret er i samsvar med regelverket (Norsk standard 1176 og føreskrift om sikkerheit for leikeplassar).

I tillegg til å oppfylle leikplassføreskrifta, skal alle som er ansvarlege for leikeplassar ha eit velfungerande internkontrollsystem i medhald av [internkontrollføreskrifta](#).

Problemstillinga reiser naturleg også spørsmål kring kommunen sitt ansvar i tilfelle der private driv leikeplass på kommunal grunn (ca 8 leikeplassar), og om tildeling av kommunale midlar til private leikeplassar har noko med ansvar for utstyr å gjere.

Advokat Bjørn Kristian Hove vart forelagt følgjande problemstilling:

1. Kva ansvar har kommunen der kommunen er grunneigar, men velforeiningar (eller andre) kjøper utstyr og gjer vedlikehald på utstyr/leikeplass?
2. Kan kommunen tildele midlar til ein privat leikeplass på privat eller kommunal grunn utan at det får konsekvensar for kommunen dersom det skulle skje noko?
3. Må vi ha ein avtale der vi fråskriv oss eitkvart ansvar, og kva bør den avtalen då innehalde, vise til?
4. Held det at ein i retningslinene viser til gjeldande regelverk?

Hove viser til gjeldande føreskrift, og gjer slik vurdering:

1. Kommunen har i utgangspunktet ansvar knytt til utstyr /leikeplasar på kommunal grunn. Det kan og bør gjerast avtale om anna ansvarstilhøve der utstyret vert eigd av og halde vedlike av andre enn kommunen. Av omsyn til notoritet* bør avtalene vere skrifteleg.
2. Knytt til leikeutstyr plassert på privat grunn må utgangspunktet vere at det er eigaren av utstyret som har dei plikter/og det ansvaret som følgjer av Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr § 16 og Internkontrollforskriften. Eg meiner dette vil kunne vere annleis dersom det nærast i realitet er kommunen som har «skaffa» utstyret ved økonomisk tilskott og overlet «drifta» til andre. Formuleringar under Pkt. 5 i kommunen sine retningsliner tyder på eit visst kommunalt «eigarskap» til anlegget, jf. føresetnaden om kommunalt samtykke ved eventuelt sal/pantsetjing. Av same grunn kan det vere eit tema å vurdere om kommunen ved slike tilskott til kjøp av utstyr og bør stille krav om avtale.
3. Ein avtale vil regulere tilhøve mellom avtalepartane – ikkje tilhøvet til ein mogleg skadd tredjeperson. Av same grunn vil spørsmålet om ansvarsforsikring vere eit sentralt vilkår.
4. «Held det» - i høve til kven?, jf. svaret under punkt 3. det vil halde i høve avtaleparten, men ikkje vere avgjerande knytt til mogleg skadd tredjeperson.

*etterviseleg og kontrollerbar (saksbh. merknad)

Vurdering:

Basert på svar frå DSB og Hove vil vurdering av problemstillinga reist i KUF-utvalet den 31.8.16 vere som følgjer:

- eigar av utstyret må sørge for at utstyret er i samsvar med regelverket (Norsk standard 1176 og føreskrift om sikkerheit for leikeplassar). Det er i utgangspunktet ingen skille mellom standard på kommunalt og privat utstyr.
- Jf. gjeldande føreskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr, må eigar av utstyret sørge for at tilsyn/ettersyn blir utført på leikeplassar på privat grunn. På kommunal grunn har kommunen i utgangspunktet ansvar. Det bør difor formaliserast avtale mellom partane.

Hove si vurdering er at kommunen i utgangspunktet har ansvar knytt til leikeplassar på kommunal grunn og at ein difor bør gjere ein avtale. Han seier også at problemstillinga er

gjenstand for noko «upløgd mark».

Jf. DSB så er velforeiningar ansvarlege for tryggleika for leikeplassutstyr også når kommunen eig leikeplassen, men rår til at det vert laga ein avtale som gjer det klårt kven som har ansvaret for vedlikehald og sikkerheit på leikeplassen. Dei private leikeplassane må sjølv syte for kontroll med utstyret.

Når det gjeld fordeling av kommunalt tilskot til leikeplassar er det slik at kommunen tildeler tilskot til vedlikehald og opparbeiding, men er ikkje den som kjøper eller tildeler utstyr.

Retningslinjer for tildeling av tilskot til leikeplassar bør endrast.

Vedlikehald blir ivaretatt av punkt 7 i nytt forslag under. Jf. Advokat Hove, vil formuleringa om pantsetting/sal tyde på eit visst kommunalt “eigarskap”. Vi nyttar heller ikkje liknande kriterie ved andre kommunale tilskotsordningar. Tidlegare punkt 5, om vedlikehald og pantsetjing/sal bør såleis gå ut.

Drivar av privat leikeplass på kommunal grunn skal vise til avtale mellom kommunen og drivar.

1. Søknad om kommunalt tilskot til leikeplassar skal skrivast på eige (elektronisk skjema), og med dei vedlegg som er nemnde i skjemaet.
2. Søknad skal sendast inn av leiar i organisasjonen/laget.
3. Anlegg som får kommunalt tilskot skal vere open for almen bruk. Eigar kan lage nærare reglar for bruk av anlegget.
4. Søkjar har ansvar for at grunneigar har gjeve samtykke til bruk av grunnen til føremålet. For leikeplass på kommunal grunn skal det føreligge avtale mellom kommunen og drivar av leikeplassen.
5. Anlegget skal fullførast i samsvar med søknaden.
6. Søkjar har ansvar for å innhente naudsynt byggjeløyve.
7. Ein føreset at leikeplassen og apparatene blir oppført og vedlikeheldt i samsvar med gjeldande regelverk.

Administrasjonen kjenner ikkje til at det føreligg avtale med velforeininar/andre private drivarar av leikeplassar på kommunal grunn i Sula.

Det er eigedomsavdeling/teknisk avdeling som må utarbeide avtale om bruk av grunn til leikeplass. Det blir difor ikkje fagutvalet for kultur og folkehelse som skal vedta innhaldet i ein slik avtale. Det er vanskeleg å seie om dette er på plass før søknadsfrist utgår 1. mai i år.

Konsekvensen er at drivarar av private leikeplassar på kommunal grunn mest sannsynleg ikkje blir tildelt midlar i år.